

Tanum menighetsråd 2021

Referat

Møtestad:	Tunheim (Storsalen)
Møtedato:	Onsdag 27.10.2021
Tid:	Kl. 18.00 – 20.15
Sakliste nr:	09/ 2021
Tilstades	Marit Kobro, Ragni Haga, Elisabet Romøren, Tore Hummelvoll, Kari Espelid, Sissel Erene Tindeland. Forfall: Erling Sølvik, Berit Moe, Odd Bjørneby, Sven Marius Utklev Gjeruldsen-Halle

Sak 51 / 2021: Godkjenningar

- Utsendt innkalling / sakliste datert 07.10.2021
- Referat frå møtet 22.09.2021. To personar til å underskrive referatet: Elisabet og Ragni

Vedtak: Innkalling / sakliste og referatet godkjennest.

Sak 52 / 2021: Meldingar / referat og info-saker

- Ingen meldingar, referat- og info-saker.

Sak 53 / 2021: Gjennomgang av gudstenestelista for resten av hausten 2021.

- Vurdering av tradisjonar, behov og ressursbruk, til dømes gudsteneste kl 23 på nyårseftan.

Vedtak: Vi vidarefører midnattsgudstenesta fyrstkomande nyårseftan, men vurderar denne gudst til neste år i samband med gjennomgang av heile gudstenesteforordninga.

Sak 54/ 2021: «Koronamiddele», tiltak og disponering. Sjå sak 47, kulepunkt 6.

- Munnleg orientering ved Tore etter kontakt med kateket Bente og organist Jan Ivar. Kateket og organist hadde ingen konkrete planar.
- Koronamidla, kr 12.345 kunne brukast til ekstra tiltak t. d. innanfor diakoni, innan utgangen av 2021.

Vedtak: Tanum mr vel å bruke midla til å arrangere julelunsj på Tunheim laurdag 11. des kl 12-14 for dei eldre som tidlegare fekk blomhelsing til jul. Sissel vart vald til komitéleiar. Alle i mr vil snart få e-post frå henne med spørsmål om fordeling av oppgåver.

Sak 55 / 2021: Høyringssvar om ny kyrkjeleg organisering. Frist 1.12.2021.

Sjå sakene 55/2020 -1. kulepunkt, 12/2021, 14/2021 - 2. kulepunkt, 40/2021 - 2.kulepunkt og sak 50/2021.

Ragni og Marit hadde førebudd saka og Marit gjekk gjennom ein powerpointpresentasjon som viste ulike alternativ på mange av områda som skal takast stilling til. Uformell samtale etterpå. Her er ei lenke til høyringsprosessen:

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkelig%20organisering/>

Vedtak: Vi oppnemner Marit, Ragni og Tore til ei lita arbeidsgruppe som lagar utkast til uttale til møtet vårt 17. nov. Gruppa vil sende ut utkastet til gjennomlesing før møtet, så ein kan førebu alternative formuleringar viss ein ynskjer å fremja det for rådet.